

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1. A r d o g p l o g Fylke: Hordaland.
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Austevoll.
 Emne: Ard og plog. Bygdelag: Stolmen.
 Oppskr. av: Johan Tufteland Gard: Gåsnes.
 (adresse): S t o l m e n . G.nr. 18. Br.nr. 8 og 9.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A r d o g p l o g .

1. Brukar plog, men ikkje ard.
2. Kornet vert mylda ned med rive og harv.
3. Brukar ikkje ard eller hyppeplog når ein set potetene. Når ein set potetene, spar ein senger i åkeren. Desse sengene er omlag 1,5 m breide, og ein går i veitane og set ned såpotetene med nabbar og myldar over sengene etterpå med mylderiver.
4. Det er ikkje ardar i bygda.
5. - - -
6. - - -
7. - - -
8. - - -
9. Kallar ikkje nokoslag harve for ard.
10. - - -
11. - - -
12. - - -

1387

13. Det er berre fabrikksmidde plogar i bygda. Det har truleg ikkje vore heimelaga plogar i bruk her. I 1860 - åra var det berre 1 - 2 hestar på kvar øy som det var større gardsbruk på. Hestane vart ikkje brukte til å pløya med. Åkeren vart vend med spade. Fabrikkplogane kom etter 1900. Kring 1910 kosta dei 50 - 60 kr. Smedane her laga ikkje plogar.
14. Denne plogen (fig. 8) har ikkje vore brukt her.
15. - - -
16. - - -
17. - - -
18. - - -
19. - - -
20. - - -
21. - - -
22. Har ikkje hatt ein sovoren slede.
23. Denne plogen (fig. 12) har ikkje vore brukt her.

- - - - -

Gardbruka her på øyane er små og vert drivne på gamaldagse måtar framleis for det meste. På dei fleste gardane er det grunn jord so det er uråd å bruka plog. Det er berre nokre få stader dei har plog, og det er berre kjøpeplogar som ikkje er serleg gamle. Seier plog (ein).